


Planprogram fastsett av Giske kommunestyre den 15.02.2024/sak 009/24

Planprogram fastsett av Giske kommunestyre den 15.02.2024/sak 009/24



INNHALD

1. Innleiing.....	2
2. Bakgrunn og føringar	4
3. Hovudtema ved revisjon av arealdelen	15
4. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse	23
5. Planprosess og framdrift	25
6. Medverknad og kommunikasjon.....	26

1. INNLEIING

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033 vart vedtatt av kommunestyret den 27.04. 2023. Det har vore meininga å starte revisjon av arealdelen så snart samfunnsdelen er vedtatt. Gjennom revisjon av arealdelen vil kommunen synleggjere arealkonsekvensar av satsingsområda i samfunnsdelen og bidra til å realisere desse.

§ 11-5 Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.

Kommunen kan etter vurdering av eget behov detaljere kommuneplanens arealdel for hele eller deler av kommunens område med nærmere angitte underformål for arealbruk, hensynssoner og bestemmelser, jf. §§ 11-7 til 11-11.

Kommuneplanens arealdel er en vesentlig del av kommunens langsiktige plangrunnlag. Den skal vise sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklingen.

Arealdelen fastlegger med bindende virkning den framtidige bruken av de forskjellige arealene, jf. plan- og bygningsloven § 11-6. Den gir grunnlag for å utarbeide mer detaljerte planer for enkeltområder, og for å kunne fatte beslutninger i enkeltsaker i tråd med kommunale mål og nasjonal arealpolitikk. Arealdelen er et virkemiddel for å sikre at arealbruken i kommunen bidrar til å nå de målene som blir vedtatt for kommunens utvikling i kommuneplanens samfunnsdel. Arealdelen skal også ivareta nasjonale og regionale interesser, jf. plan- og bygningsloven §§ 3-1, 11-1 og 11-5.

Arealdelen skal omfatte hele kommunens arealer, både på land og i sjø ut til én nautisk mil utenfor grunnlinjen, jf. plan- og bygningsloven § 11-5.

Det er kommunestyret som vedtar arealplanen. Planen legger grunnlaget for utformingen og utviklingen av det fysiske miljøet. På den måten kan kommunen både sikre kvaliteter og verdier i området, samt legge til rette for utbygging og vern tilpasset lokale forutsetninger.

DAGENS SITUASJON

Gjeldande arealplan vart eigengodkjent av Giske kommunestyre i 2018. Planen la opp til eit løft i generell bukvalitet for vidare utvikling i høve forrige arealplan. Her kan nemnast føreseigner med krav om større leikeareal pr. bueining, fortetting og minste uteoppfallsareal. Kommunesentrum og tre lokalsenter med innhald vart landa med fordeling av detaljhandel. Utover dette vart planen og tillagt ein del nytt bustadareal godt fordelt rundt om i kommunen. Det skjedde mykje regulering og ein god del bustadbygging i kommunen like etter vedtak av ny arealdel. Giske kommune har vore og vil framleis vere ei kommune der mange vil byggje og bu, men i takt med ein varsla nasjonal og regional nedgang i folketalet er no vi inne i ein periode med nedgang i bustadbygginga. I følgje sist oppdatert statistikk (SSB) 2. kvartal 2023 er folketalet i kommunen 8682, ein nedgang på 10 frå 1. kvartal. Kommunen har i 2023 gjort vedtak om å busette 50 flyktningar frå Ukraina, i 2022 busette kommunen 49, men kommunen manglar kommunale leiligheter og må no ut på den private marknaden for å kome i mål.

Kommunen har framleis ei relativ ung befolkning, men eldrebølgja vil merkast godt dei nærmaste åra. Med fleire eldre er det i 2040 venta ein vekst i behov innan pleie og omsorg på 100% mot dagens nivå. Kartleggingar viser at kommunen har særleg vekst og utfordring når det gjeld tenestetilbod til demente og til barn og unge med særlege behov. Overordna strategi er at kommunen skal legge til rette for at omsorgsbustadar, demens og aldersvenlege bustadar kan byggast i sentrum.

Arealdelen inneheld ein arealreserve for bustadareal som over år har vakse seg uforholdsmessig stor sett i forhold til forventa vekst. Brorparten av dette arealet var opprinneleg LNFR-område i kommuneplanen. Det blir ei viktig oppgåve å vurdere tilbakeføring av ein del bustadareal til LNFR-område.

Kommunen har så stor auke i biltrafikk på riksvegen at Statens vegvesen planlegg framtidig alternativ til dagens tunnelar. Alternative løysingar som nye tunnelar eller bruløysingar vil kunne endre arealplanen vesentleg.

Trykket på miljøvern i kommuneplanarbeid har pulsert i kommunane sidan 1980-talet med først MIK-reforma, lokal Agenda og no FN sine berekraftsmål. Det synest som om fokus på berekraftig utvikling opptek stadig fleire og at det denne gongen ikkje berre er «keiserens nye klær». Det er krig i Europa og saman med stadige påminningar om eit unormalt klima i verda så har spørsmåla om sjølvforsyning, matberedskap og jordvern kome høgt på agendaen.

Vi er den første generasjonen som opplever klimaendringar og vi er den siste generasjonen som kan gjere noko med det.

Giske kommune tar dette på alvor og innfører klimabudsjett samt vurdering av berekraft i saksbehandlingsmalen.

FN sine berekraftsmål



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027» er vedteke av regjeringa (kgl. Res.20.06.2023). Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar og planar i kommunane. Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sitt forventningsbrev for 2023

Forventningsbrevet vidareformidlar nasjonale føringar for arealutviklinga og viser samtidig til korleis desse blir følgt opp av statsforvaltaren. Ei rekkje tema er særskilte aktuelle for Giske kommune, som:

- FN sine berekraftsmål
- Berekraftig arealutvikling
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse og boligsosiale omsyn
- Barn og unge

Giske kommune hadde dialogmøte med statsforvaltaren om kommunebildet den 23. juni.

Utgangspunktet for kommunane sin berekraftsprofil er bruk av FN-metodikken United 4 Smart Sustainable Cities (U4SSC). Det er peika ut seks satsingsområde som er spesielt egna for felles regionalt samarbeid:

1. Smart og berekraftig VA-sektor
2. Fattigdom og sosial inkludering
3. Sirkulær økonomi
4. Digitalisering og offentleg sektor
5. Offentlege bygg – byggsertifisering
6. Lokalmat og mattryggleik

Skal Møre og Romsdal halde fram med å vere berekraftsfylke nr. 1 så må alle kommunane med.

Regional plan for areal, klima og transport

Plan for areal, klima og transport, PAKT (vedtatt 2022), er ein langsiktig strategiplan for berekraftig vekst i Ålesundregionen. Arealbruk og transport blir sett i samanheng, i eit klimaperspektiv, og med FN sine berekraftsmål som fundament. PAKT definerer mål og strategiar for den framtidige utviklinga i regionen, vurderer kvar veksten bør komme og korleis transportsystemet best kan binde ulike område saman. PAKT er utarbeidd av kommunane Ålesund, Sula og Giske i samarbeid med Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Planen skal vere ei felles plattform som gir retning for regionen samla sett, med utgangspunkt i måla som er vedtatt for planen. Planen skal samordne verkemiddel og tiltak innanfor areal- og transportplanlegging på ein måte som bidrar til å nå mål om reduksjon i klimagassutsleppa, slik at alle aktørar drar i same retning og får best mogleg effekt ut av satsingar og investeringar. Ambisjonen er å få vedtatt same plan som interkommunal plan og regional plan. PAKT vil ikkje vere juridisk bindande.

PAKT består av eit kunnskapsgrunnlag og ein planomtale. Planomtalen i PAKT skildrar problemstillingar, mål og målkonfliktar, og går nærare inn på 5 ulike plantema. Sist i planomtalen finn ein strategiar til kvart av delmåla, retningslinjer og eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet skal reviderast årleg av Region Ålesund-samarbeidet.

Måla i PAKT

1. Klimavenleg utbyggingsmønster og transportsystem
2. Attraktivt bysentrum og attraktive stadar
3. Berekraftig og effektiv mobilitet
4. Berekraftig forvaltning av blågrøne område
5. Samarbeid for å nå måla

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel er basert på visjonen om at Giske kommune er historisk og framtidsretta. Vidare at energien som finst hos innbyggjarar, naturgjevne forutsetningar, næringsliv, kultur og historie er viktig for utviklinga.

Samfunnsdelen har definert 3 satsingsområde som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden;

- **Giske som bukommune** – ein god plass å leve heile livet

Gode levekår gjennom heile livsløpet.

- **Giske som næringskommune** – eit framtidsretta næringsliv

Aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv samt legge til rette for etablering av nye berekraftige verksemdar og næringar.

- **Giske som samspelkommune** – Giske på lag med sunnmøre – betre saman

Godt samspel mellom det offentlege, private, frivillige organisasjonar og ålesundregionen.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel vil ta utgangspunkt i satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Overordna strategiar for arealplanlegging i Giske kommune

Dei overordna arealstrategiane følgjer opp målsetningane i samfunnsdelen og gir føringar for kommunen sin arealbruk i eit langsiktig perspektiv. Arealstrategiane kan forenkle samankoblingane og fungere som bru mellom samfunnsdel og arealdel.

- Ved alle planar og ved større tiltak skal bruk av miljøvenleg energi utgreiast.
- I alle planar og større tiltak skal det, tilpassa tiltaket sitt omfang, gjerast greie for:
 - Tiltak for å redusere energibruk
 - Tiltak for å redusere klimagassutslepp
 - Val av energiløysingar og byggematerialar
- Klimagassrekneskap skal utarbeidast i samband med alle større tiltak som omfattar:
 - * Vesentlege naturinngrep
 - Nybygg større enn 1000 m² BRA
 - Ved val mellom riving og renovering av eksisterande bygg
- Gi retningslinjer og føresegner i arealplanlegginga for klimatilpasningstiltak som kan forebygge tap og skade på verdifulle kulturmiljø og bygg.
- Drikkevassomsyn skal vere overordna andre samfunnsomsyn.
- Vesentleg og regionalt viktige område for aktive- og passive reiskap blir tatt inn i det juridisk bindande plankartet og inngår i fleirbruksformål som inkluderer fiske.
- **Nasjonalt, regionalt og lokalt viktige gytefelt for torsk skal sikrast i planarbeidet.**
- I konskvensutgreiingane av ny arealbruk må det hentast inn informasjon om mineralforekomstar som ikkje er verdivurderte, og om dei kan vere viktige.
- Ivaretaking av flysikkerheita ved Ålesund lufthavn Vigra skal innarbeidast i revidert KPA.
- Støy og infrastruktur må leggst inn planprogrammet som eigne utgreiingstema i konsekvensutgreiinga.
- Redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal og transportplanlegging, med vekt på mobilitet til fots, sykkel og med kollektivtransport, jf. Plan for klima, areal og transport (PAKT).
- Prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
- Kommunen skal ha ein offentleg tomtereseve for å kunne realisere dei overordna måla i samfunnsdelen.
- Utvikle kommunesenteret til ein møteplass med samordning for rådhus, helse, oppvekst, idrett og ulike private tenester.
- Utvikle delsentra til inkluderande stadar, med variert bustadtilbod, møteplassar, handel og tenester, tilpassa det naturlege omlandet og tilrettelagt for eit samfunn der ein større andel av innbygarane er eldre.

- Kommunen skal vurdere å ta i bruk arealformålet landbruks-, natur- og friluftslivsformål til spreidd bustadbygging. Konkrete område for dette må avklarast i arealdelen.
- Sikre og utvikle areal til offentlege og privat tenesteyting i senterområda.
- Utvikle bustadområde med varierte bustadtypar for å ta vare på mangfaldet i befolkninga.
- Sette krav om trygg skuleveg ved alle nye reguleringsplanar og legge opp til at flest mogeleg skal kunne sykle og gå til skulen.
- Ta inn føringar knytt til å unngå utbygging av karbonrike areal.
- Hindre omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense for utbygging mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta friluftslivs- og landbruksomsyn.
- Avsette tilstrekkeleg buffersone mellom planlagte bustadområde og næringsområde/LNF-område.
- Mål om berekraftige og effektive renovasjonsløysingar ved arealplanlegging.
- Kartlegge dreneringslinjer tidleg i planprosessar av omsyn til overvatn og flaumfare for bygningar.
- Sikre lokal grønstruktur med trygge samband i buområde, for rekreasjon, opphald og leik, herunder områdeleikeplassar.
- Tilrettelegge for berekraftig bruk av strandsona gjennom heilscapeleg planlegging der sambruk og tilrettelegging for ålmenta skal vektleggast.
- Sikre grønt-korridorar som samanheng mellom leveområde for sårbare artar, naturtypar og økosystem.
- Tilpasse alle bygg og transportinfrastruktur til konsekvensane av klimaendringane.
- Sjønært næringsareal skal prioriterast til verksemdar som har behov for sjøtilknytning.
- Innføre arealregnskap i alle arealplansaker.
- Vurdere statusen til alle reguleringsplanar som i dag gjeld framføre arealdelen.

* (Innsigelsesrundskrivet T216, når det er dags å kome med innsigelse på myr, skog osv., er under revisjon).

Temakart




Fig. Tettstadane i kommunen innafor 10 min. gangavstand og med eksisterande og framtidig bustadareal.
Utforma av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Eksisterande jordbruksareal i Giske kommune

- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Fulldyrka jord




Verdifulle landbruksareal i Giske kommune

 Landbruksareal




Karbonkart, Giske kommune

-  Skog-Impediment
-  Skog-Lav bonitet
-  Skog-Middels bonitet
-  Skog-Høg bonitet
-  Skog- Særs høg bonitet
-  Myr



Verdifulle naturområde i Giske kommune

-  Annen fredning
-  Landskapsvernområde
-  Marint verneområde
-  Nasjonalpark
-  Naturreservat



Andre kommunale planar og retningslinjer

Eksisterande planar og retningliner

- Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050
- Kommunedelplan naturmangfald 2018
- Museums- og kulturminneplan 2020-2030

Nye planar som skal utarbeidast iflg. kommunal planstrategi

- Områdeplan for Sætra og Gjørund
- Trafikktryggingsplan

Klima og miljø

Arealdelen skal legge til rette for ein arealbruk der det meste av persontransporten kan tas gjennom kollektivtransport, sykling og gange. Vidare er rett lokalisering av bustadar, arbeidsplassar, skular og barnehagar, sentrumsfunksjonar, fritidsaktivitetar samordna med kollektivnett og gang- og sykkelveggar viktige verkemiddel for å oppnå utsleppsreduksjon.

Kommunen har starta arbeidet med klimabudsjett for 2024 med vedtak av handlings- og økonomiplanen i kommunestyret i september 2023.

Giske kommune har ikkje ein eigen klimaplan med konkrete utsleppsmål, men kommunen har slutta seg til Plan for areal, klima og transport PAKT, regional plan, som har fokus på desse måla:

1. Klimavenleg utbyggingsmønster og transportsystem
2. Attraktivt bysentrum og attraktive stadar
3. Berekraftig og effektiv mobilitet
4. Berekraftig forvaltning av blågrøne område
5. Samarbeid for å nå måla

Samfunnsdelen inneheld fleire tiltak som på sikt vil redusere klimautsleppa, som f.eks.:

Bygge innfartsparkering på Ytterland og legge til rette for at fleire kan nytte kollektiv, sykkel og gange i heile kommunen. Bidra til å utvikle nye arbeidsplassar for å dempe utpendlinga frå kommunen. Utvikle handelssenteret på Sætra og dermed bremse handelslekasjen til Ålesund.

Dette er tiltak som dersom vi lukkast vil vere eit stort klimatiltak for kommunen og regionen. Giske kommune er avhengig av eit samarbeid med Statens vegvesen og Møre og Romsdal fylkeskommune for å få dette til.

Frå overordna strategi for arealplanlegging (i samfunnsdelen) kan vidare nemnast:

Restriktiv haldning til utbygging av karbonrike areal, utgreiing av miljøvenleg energi ved planar og større tiltak, redusere transportbehovet gjennom samordna bustad-, areal og transportplanlegging med vekt på mobilitet til fots, sykkel og med kollektivtransport, prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområde for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde, sette krav om trygg skuleveg ved alle nye reguleringsplanar og legge opp til at flest mogeleg skal kunne sykle og gå til skulen, hindre omdisponering av dyrka mark, sikre lokal grønstruktur med sikre samband i buområde, for rekreasjon, opphald og leik, tilrettelegge for heilskapeleg bruk av strandsona gjennom heilskapeleg planlegging der sambruk og tilrettelegging for ålmenta skal vektleggast, sikre grønt-korridorar som samanheng mellom leveområde for sårbare artar, naturtypar og økosystem, innføre arealrekneskap i alle arealplansaker.

Samferdsel



Fig. Rv 558 Ålesund – Vigra (Statens vegvesen KVVU, 0-konseptet (som NTP))

På strekninga rv. 658 Ålesund-Vigra ligg Ellingsøytunnelen og Valderøytunnelen, som vart opna i 1987, og er blant dei eldste undersjøiske tunnelane vi har i landet. Det største problemet med dagens tunnelar er faren for ei stor brannhending med alvorlege konsekvensar for trafikantar og manglande rømmingsmoglegheiter (TØI-rapport 1948/2923). Samferdselsdepartementet har beslutta at det skal gjennomførast ei konseptvalutgreiing (KVVU) for rv. 658 Ålesund-Vigra i Ålesund og Giske kommunar. Føremålet er å utgreie konsept for ei påliteleg, trafiksikker og trygg forbindelse mellom Giske kommune, Ålesund lufthamn, Vigra og Ålesund byområde. Auken i personbiltrafikken truar sikkerheita i tunnelane. For å sleppe å byggje nye bruer eller tunnelar er målet å stoppe veksten i personbiltrafikken ved å få reisande til å velje kollektivtransport. Totalt må 750 bilar pr. døgn «stoppast» gjennom kollektivsatsing.




Fig. Rv 558 Ålesund – Vigra (Statens vegvesen KVV, K6 Ny(e) tunnel(ar) etter dagens regelverk (< 5 %)

Dette konseptet inneber at tunnelopninga på Valderøya blir lenger nord enn i dag.

Alternative brualternativ over Valderhaugfjorden mellom Kverve og Valderøya (dagens fergekai) vil og få store arealmessige konsekvensar. Regjeringa skal ta stilling til konsept i januar 2024. Ny arealplan vil kunne ta inn slike endringar.

Riksvegen har høg fart og det er ei restriktiv haldning til etablering av avkøyrslar og nye kryss. På Valderøya er denne vegen lagt langs vestsida av øya, der den vart bygd som ein del av vegsystemet til dei undersjøiske tunnelane. Ytterlandkrysset og Sætrakrysset er dei to mest ulykkesbelasta kryssa i Giske kommune med henholdsvis 33 og 12 registrerte ulykker sidan vegen vart bygt. På Sætra er det bygd gang og sykkelveg langs fylkesvegen fram til brua og småbåtanlegget. På Gjøesund sida er det gang og sykkelveg frå Gjøesundbrua til flyplassen. Over brua er det inga løysing for mjuke trafikantar. Turvegen som går rundt øya passerer gjennom området frå vest mot aust og kryssar fylkesvegen mot Blomvika i aust. Området som er definert som handelssenter manglar samanhengande løysingar for gåande og syklende. For området på Sætra er det iflg. gjeldande kommuneplan stopp i vidare utviding av området inntil ny framtidig kryssløysing er regulert. Giske kommune har sett vidare arbeid med områdeplan på vent i påvente av konstruktiv avklaring frå statleg mynde knytt til dei problematiske vegtilhøva i området.

Dersom Sætra skal kunne utvikle seg til kommunen sitt handelssenter slik det var tenkt må kommuneplanen ta stilling til ei berekraftig hovudkryssløysing på riksveg 658.

Kommunen har i innspel til NTP 2022-2033 gjeve innspel om at kryssløysingar langs Rv 658 frå Ålesund til flyplassen må prioriterast i perioden. Dette gjeld kryssa Rv658/Fv5957 ved Ytterland, Rv658/Fv5958 ved Sætra, Rv658/Gjø sundneset og Rv658/Sørestranda. Gjenståande del av gang-/sykkelveg ved Rv 658 over Gjø sundbrua må ferdigstillast for å sikre mjuke trafikkantar.

Det er heller inga løysing for mjuke trafikkantar over Giskebrua.

Giske kommune er vertskommune for ein regionflyplass og riksvegen er den viktige transportåra mellom Ålesund og flyplassen, men som fokusert på ovanfor så er det svært utfordrande for kommunen å realisere ulike planar i tilknytning til riksvegen, - kva handlingsrom har vi? kan vi få stønad til å arbeide med dette?

Senterområde, stadutvikling og bustadbygging

I gjeldande arealplan har kommunen 4 senter der Valderhaugstrand er kommunesenter slik det har vore sidan Giske kommune vart slått saman med Vigra i 1964. Valderhaugstrand med Skaret, slik ny samfunnsdel legg opp til, har flest busette innafor 10 min. gangavstand og 10 min. sykkellavstand samanlikna med dei andre sentra. Valderhaugstrand er iflg. SSB sin sentrumsdefinisjon staden som best oppfyller sentrumsføremåla, men med stor avstand mellom dei ulike føremåla. I følgje strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 skal det byggjast i sentrum med nærheit til helseinstitusjonane. Ny bustadsosial lov får verknad frå 1. juli 2023 og vil påverke arealplanlegginga. Kommunen får her mellom anna plikt til å kartlegge bustadsosiale behov.

Ytterland er lokalsenter og her er heile området regulert til bustad, offentleg og privat næring.

Kommunen sitt handelssenter ligg på Sætra, men her er det stopp i vidare utvikling inntil kommunen oppnår semje med vegeigar om framtidig kryssløysing frå riksveg.

Roald har nær dubla folketalet på eit par tiår, men tidlegare tilbod finst ikkje lenger. Reguleringsplanen er av gamal årgang og for å utvikle Roald til eit lokalsenter trengs det først og framst ein områdeplan.

I Giske kommune bur 82 % (2021) av innbyggjarane i tettstad (>200 personar og <50 m mellom husa). 90% av dei som bur i kommunen bur i sjø lveigarbustad.

Giske kommune er framleis den kommunen i fylket som opplever størst %-vis tilflytting.

Folketalet er 8692 (4. kvartal 2022), forventa å auke til 9198 innbyggjarar i 2030 og 10376 innbyggjarar i 2050.

I Giske kommune er det 5,5 % av innbyggjarane som bur trangt (6,6% på landsbasis).

Det er eit mål i overordna planarbeid at flest mogeleg skal bu i tilknytning til tettstadane og ved kollektivtrase. Dette inneber at fortetting må drøftast og kvalitet på felles uteareal/leikeareal må vere ein del av dette temaet. Bustadtypar og variasjon i bustadtilbodet i kommunen bør vere viktig i diskusjonen om fortetting, jf. rettleiar for fortetting med kvalitet, i samband med fylkesstrategien for attraktive byar og tettstadar.

Kommunen har opna opp for å bygge blokker i alle sentra i kommunen og det er ved regulering krav om at 80 % av nye bustadar skal ha alle funksjonar på inngangsplanet. Dette er i samsvar med å auke andelen leiligheiter i sentra samt å stette eit behov for at eldre kan bu lengst mogleg i eigen bustad.

Bustadar og bumiljø med kvalitet er eit av satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel.

I kommunen er det 2504 einebustadar (2023), men berre 107 leiligheiter (2023). Rekkehus, tomannsbustadar osv. er ikkje inkludert i hverken einebustadar eller leiligheiter.

Giske kommune har i dag ein arealreserve på 1336 dekar antatt effektivt bustadareal (70% av råtomtareal). Behovet for nye bustadar er anslått til 239 i 2030 og 445 i 2040.

Dersom ein legg til grunn ei fordeling med 20% einebustadar, 40 % konsentrert småhusbusetnad og 40% blokkbebyggelse og bufellesskap, vil ein kome ut med følgjande arealbehov:

- 2030: 82 dekar
- 2040: 152 dekar

Kommunen har eit mål om å redusere reserven av uregulert bustadareal. Det er naturleg å vurdere areala opp mot temakart for karbon, verdifulle landbruksareal, naturmangfald, friluftsliv, eksisterande infrastruktur, tenestetilbod m.m.

Utgreiingsbehov og avklaringar

- Tettstadanalyse for kommunesenter

Jordvern

Den globale forsyningssituasjonen, versus klimaendringar m.v., må ligge til grunn for jordvernstrategiane. Den relative verdien av norsk matjord vil auke, kanskje drastisk.

Giske kommune har etter søknad til Landbruksdirektoratet fått innvilga kr. 100.000 i tilskot for utarbeiding av kommunal jordvernstrategi.

Grønstruktur

Arealplanen skal sikre og vidareutvikle overordna og lokal grønstruktur og trygge samband mellom bu og turområde. Ved fortetting er det særleg viktig å sikre innbyggjarane tilgang til grønstruktur. Kommunen opplever og ein auke av tilreisande som nyttar turområda, det er behov for sikring av friområde, korridorar og parkeringsplassar. Det er starta opp eit arbeid med å lage ein samla oversikt over hovudturløyper «friluftslivets ferdselsårer» i deler av kommunen.

Naturmangfald

Samfunnsdelen har mål om å ta vare på naturen og sikre naturmangfaldet, strandsona er ein del av dette. Dette skal ein mellom anna gjere ved å aktivt bruke naturmangfaldskartlegginga. Vidare er det viktig å utarbeide ein handlingsplan for naturmangfald slik planstrategien legg opp til.

Med marine grunnkart har kommunen no og eit mykje betre kunnskapsgrunnlag for planlegging i sjøområda.

Bruk og vern av strandsona og sjøområda

Giske kommune har sjø rundt seg på alle kantar og desse områda har mange brukarinteresser. Dei største næringsområda i kommunen er sjøretta. Sjøområda blir mellom anna nytta til fiske og akvakultur, taretråling, som farled, friluftsliv som bading, dykking, surfing og båtutfart. Dei nære sjøområda er og nytta som resipient for avløpsvatn og foredlingsverksemdar av fisk er avhengig av inntak av reint sjøvatn.

Arealstrategien legg opp til å tilrettelegge for berekraftig bruk av strandsona gjennom heilskapeleg planlegging der sambruk og tilrettelegging for ålmenta skal vektleggast, jf. pbl. 1-8 og statlege planretningslinjer. Byggegrensa mot sjø må vurderast på ny.

Det er behov for å klargjere eit tydelegare skilje i føresegnene mellom naust og fritidsbustad.

Det er auka interesse for akvakulturrelatert næring i kommunen, som algeoppdrett, klekkeri og avsaltingsanlegg.

Arealdelen skal avvege bruk og vern av sjøområda med tilhøyrande strandsone og avklare kor det skal tilretteleggast for kystbasert næringsutvikling. Her må ein mellom anna ta omsyn til kjende gytefelt for torsk mellom Laberget og Ytterland, Giske sørside og rundt Furkenholmen og vidare ein låsettingsplass på Valderøy vest.

Giske kommune ønskjer å drøfte taretrålingsproblematikken og Fiskeridirektoratet tilrår å ta opp dette i prosessen med sjøarealplanen når føresegnene for arealdelen skal reviderast. Det er med det forventningar til interkommunal sjøarealplan med planlagt oppstart i 2023.

Drikkevassressursar og vasskvalitet i næringsmiddelindustrien

Kommunen har starta arbeidet med skilting og informasjon om Alnesvatnet med nedslagsfelt. Omsynssona for nedslagsfeltet vidareførast med meir konkrete føresegner. Som mykje nytta turmål bør det vurderast å etablere eit toalett i området.

Landdelen må ta omsyn som sikrar akvakultur i sjø. Viktig med overordna planlegging som sikrar utslepp av avløpsvatn og inntak av reint sjøvatn.

Kart og føresegner

Arealstrategien i samfunnsplanen skal tydeleggjerast i arealdelen. Detaljeringsnivået i arealdelen får betydning vidare nedover i hierarkiet. Særleg merksemd skal viast korleis arealdelen kan gi gode rammer for fortetting og transformasjon i og nær senterområde.

Planføresegnene skal utfylle og tydeleggjere plankartet for å oppfylle målsetningane.

Mellom anna er det behov for å utarbeide nye vegnormalar, utomhusnormalar og parkeringsføresegner.

Reguleringsplanar

Giske kommune har tilsaman 150 reguleringsplanar vedtatt i perioda 1969-2023. Dei eldste reguleringsplanane er mangelfulle på fleire forhold. Dette medfører at mange byggesøknadar må behandlast som dispensasjonssaker. Iflg. plan- og bygningslova §1-5 går ny plan ved motstrid framfor eldre plan eller planføresegn for same areal med mindre anna er fastsett i den nye planen. Dette inneber at nye føresegner vil gjelde også for eldre reguleringsplanar dersom ikkje anna er vedtatt.

Med bakgrunn i dette er det naudsynt med ein gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar med sikte på å supplere føresegnene i kommuneplanen med forhold som manglar i dagens reguleringsplanar. I føresegnene til gjeldande kommuneplan er det opplista 22 reguleringsplanar (frå 2006 til 2016) som skal vidareførast, jf. Pbl. §8-11 tredje avsnitt bokstav f og omsynssone 900.

Gjennomgangen bør og innebere vurdering av kulturverdiar, eventuelle omsynssoner bør vidareførast i kommuneplanen, kanskje med reviderte føresegner. I slike vurderingar blir det tilrådd frå fagmynda at ein tek utgangspunkt i landskapskonteksten og ikkje berre har fokus på enkeltobjekt.

Områda der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde er synt med omsynssone (skravur) og planidentitet for reguleringsplanen. Ved bruk av denne omsynssona skal kommunen vurdere om reguleringsplanane er i samsvar med nasjonale og regionale interesser.

Tilsvarande er det naudsynt å gå gjennom denne lista med reguleringsplanar på ny ved fastsetting av grense mellom landdelen og sjødelen.

Reguleringsplanar i strandsona/byggegrense langs sjø

Vedtekne reguleringsplanar har byggegrense mot sjø. I kommuneplanen er det teikna inn byggegrense, men den er stadvis vanskeleg å tolke og bør få fokus ved revisjon av plan. Kartverket sin etablerte kystkontur bør nyttast som grense mellom landdelen og sjødelen av plan. Kommunen må ta stilling til om gjeldande reguleringsplanar som dekkjer både land og sjøareal skal vidareførast og tilpasse plangrensene til dette. Eksisterande småbåthamner utan reguleringsplan skal regulerast i landdelen. Mindre holmar og skjer i skjergarden bør av praktiske omsyn høyre til skjergarden.

Arealinnspel

Samtidig med at planprogrammet er på høyring blir det opna opp for å kome med arealinnspele. Samfunnsdelen har gjort greie for kor stor reserve det er av bustadareal og næringsareal i kommunen. Det store bildet viser at det er lagt ut bustadareal til å dekke forventa folketalsauke langt utover planperioden. Det er også mykje ubebygd næringsareal, det er dermed ikkje behov for å ta inn nye store område i arealdelen.

Krav til arealinnspele

Ved innsending av arealinnspele skal det nyttast eit skjema som er lagt ut på kommunen sine nettsider under kommunplan-arealdel. Alle arealinnspele må dokumenterast gjennomførbare og vere i tråd med kommuneplanen sin overordna arealstrategi.

- Kartfesting: Kartutsnitt med avgrensing og forslag tilkomst informasjon om eigedomar/adresser samt forklare og grunngi ønska endring.
- Eksisterande arealformål: Formål i eksisterande kommuneplan og/eller reguleringsplan.
- Måloppnåing: Iflg. samfunnsdelen med overordna arealstrategi.
- Innspelet må innehalde forklaring av kjende utfordringar som mellom anna er knytt til: tilgang til infrastruktur som skule, barnehage, vatn- og avlaup, naturmangfald, friluftsliv, kulturminner, støy- og luftforureining, jord- og skogbruk, barn- og unge sine interesser, transport, (tilgang til gang- og sykkelveg) og kollektivtransport og skredfare.

Sortering og vurdering av innkomne arealinnspele

Innkomne arealinnspele vil mellom anna bli vurdert opp mot den overordna arealstrategien.

4.KONSEKVENsutGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARANALYSE

Som ein del av avgjerdsgrunnlaget for dette planarbeidet skal det utarbeidast ei konsekvensutredning jf. pbl § 4-4 og forskrift om konsekvensutgreiing. Det vil i hovedsak vere dei delane av planen som inneber ny utbygging og som inneber endringar i forhold til gjeldande plan som omfattast av utgreiingskravet. Krav om konsekvensutgreiing vil i hovedsak utløysast av følgjande forhold:

- Avsetting av nye område til utbyggingsformål
- Endring av utbyggingsformål

Formålet med konsekvensutgreinga er å gi ei vurdering og skildring av moglege vesentlige verknader planen kan ha for samfunn og miljø. Ved endring av formål for alt avsette utbyggingsområde vil berre relevante tema og konsekvensar ved sjølvne endringa utgreiast. Det blir ikkje lagt opp til ny utgreiing av allereie regulerte utbyggingsområde dersom det berre er snakk om mindre justeringar av type formål eller grensesetting. Konsekvensutgreinga skal vere ei vurdering på overordna nivå av dei enkelte forslag til nye utbyggingsområde. Utgreinga vil vere basert på fagkunnskap og fagleg skjønn. Med utgangspunkt i ei skildring av viktige miljø- og samfunnsforhold skal det i konsekvensutgreinga gjevast ei skildring og vurdering av verknadane som planen kan få for miljø og samfunn. Det skal gjerast greie for for den samla verknaden av arealbruksendringa. I høve relevante vurderingskriterier skal det gjevast ei kort forklaring for datagrunnlaget og metodane som er nytta for å beskrive verknadane, herunder usikkerheit knytt til innsamling og bruk av data og metodar. Metoden for konsekvensutgreingar til kommuneplanen sin arealdel følger av Kommunal- og moderniseringsdep. veileder T-1493.

Risiko og sårbarheit

ROS-analyser skal gjennomførast ved alle arealplanar, og vil utgjere ein del av avgjerdsgrunnlaget for kommuneplanen. Kommunen vil nytte heilskapleg ROS-analyse som bakteppe for desse ROS-analysane. Stormflo og havnivåstigning er relevante utfordringar i kommunen. Vidare er det viktig å ha fokus på dei store dreneringslinjene på land. Kvikkleirekartlegginga kan og ha betydning for korleis eldre planar kan utbyggast. Nyttar omsynssone 910 der reguleringsplanar har definerte omssynssoner som avklarar forholdet til tryggleik. Vidareføring av reguleringsplanar gjennom omsynssone 910 fordrar ein konkret gjennomgang opp mot nye rammer/reglar i forvaltninga.

Aktuelle tema for utgreiing:

- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar og reguleringsplanar som gjeld framføre arealdelen. Arbeidet vil bli brukt som beslutningsgrunnlag for endringar i arealbruk og eventuell oppheving av reguleringsplanar
- Karlegging av ferdselshindringar i strandsona i forhold til allemannsretten og fri ferdsel og opphald i utmark
- Bobilparkering med fasilitetar
- Parkering og mobilitet – for endring av parkeringspolitikken er det behov for å gjere utgreiingar knytt til parkeringsdekning, konsekvensar for næringsliv mv.
<https://www.bing.com/ck/a?!&p=e46ea94ea909fe8dJmldtHM9MTcxMDIwMTYwMCZpZ3VpZD0wYT AxMTY5My1jOGELTY4M2MtMzRjNC0wNTRjYzljZjY5MWEmaW5zaWQ9NTAxMA&ptn=3&ver=2&hsh=3&fclid=0a011693-c8a2-683c-34c4-054cc9cf691a&u=a1aHR0cHM6Ly93d3cuYXNwbGFudmlhay5uby9wcm9zamVrdGVyL3BhcmtlcmluZy1zb20tdmlya2VtaWRkZWwtMS8&ntb=1>
- Kommunesentrum; sentrumsavgrensing, soneinndeling, funksjonsfordeling, fortettingsstrategi
- Kartlegge arealbehov for kommunale verksemdar, allmennyttige formål og kommunaltekniske anlegg
- Utarbeide forslag til nye føresegner og retningslinjer for naust og fritidsbustadar
- Avklare behov for mineralressursar og plassering av massedeponi
- Fastsette grense mot jordbruksareal og byggegrense mot sjø
- Folketrakk/barnetrakk
<https://www.bing.com/ck/a?!&p=41f92c8ea556178cJmldtHM9MTcxMDIwMTYwMCZpZ3VpZD0wYT AxMTY5My1jOGELTY4M2MtMzRjNC0wNTRjYzljZjY5MWEmaW5zaWQ9NTIwMw&ptn=3&ver=2&hsh=3&fclid=0a011693-c8a2-683c-34c4-054cc9cf691a&psq=folketrakk%2fbarnetrakk+kjelder&u=a1aHR0cHM6Ly93d3cuYmFybmV0cmFray5uby8&ntb=1>
<https://www.bing.com/ck/a?!&p=a06f629950b8492dJmldtHM9MTcxMDIwMTYwMCZpZ3VpZD0wYT AxMTY5My1jOGELTY4M2MtMzRjNC0wNTRjYzljZjY5MWEmaW5zaWQ9NTIyNQ&ptn=3&ver=2&hsh=3&fclid=0a011693-c8a2-683c-34c4-054cc9cf691a&psq=folketrakk%2fbarnetrakk+kjelder&u=a1aHR0cHM6Ly9kb2dhLm5vL3Zlcmt0b3kvbWVkdmlya25pbmcbWVYtLW9tLWZvbGtldHJha2sv&ntb=1>
- Arealrekneskap
https://www.regjeringen.no/contentassets/5e99259ea22a4d10ac974b10f1182a13/rapport_arealregnskap_ramboll.pdf
- Tilbakeføre bustadareal til LNFR-areal

5.PLANPROSESS OG FRAMDRIFT

Formannskapet vedtok den 27.03.2023 å starte forarbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Giske kommune la oppstartsmøtet med arealdelen til regionalt planforum på fylkeshuset i Molde den 24.05.2023. Kommunen diskuterte her hovedutfordringane i kommuneplanen med dei ulike offentlege instansane.

Fasar	Aktivitet	Aktørar	Tidsrom
• Forslag planprogram	Utarbeide forslag til planprogram	Administrasjon	Vår 2023
• Oppstartsmøte	Regionalt planforum	Adm./Politisk arb.gruppe	Vår 2023
• Oppstart planprosess, høyring planprogram. Arealinnspel	Offentleg ettersyn	Formannskapet	Haust 2023
• Fastsette planprogram	Samanstille høyringsuttalar/forslag	Formannskapet	Vår 2024
• Medverknad	Folkemøter m.m.	Politikk/adm.	
• Forslag til ny kommuneplan	Utarbeide planforslag/vedta forslag	Adm./Politisk arb.gruppe Formannskapet	
• Høyring kommuneplan	Offentleg høyring		Vinter/Vår 2025
• Utarbeide plan	Skrive endeleg plan	Administrasjon	
• Politisk sluttbehandling		Kommunestyret	Vår 2025

Forslag til framdriftsplan

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er lagt opp til å ta ca. to år.

6. MEDVERKNAD OG KOMMUNIKASJON

Arealdelen med langsiktig arealbruk er viktig for mange både i og utanfor kommunen. Viktige interessentar er mellom anna: innbyggjarar, næringsliv, lag og foreiningar, utbyggjarar og andre offentlege mynde. Barn og unge har særskilt rett til medverknad. Viser og til den nye CDPR-konvensjonen, som har fokus på menneske med nedsett funksjonsevne.

Det er viktig å få politiske signal og forankring tidleg i planarbeidet. Alle hovudutval, eldrerådet, rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne og ungdområdet behandlar saka i forkant av kommunestyret si behandling.

Det er viktig med god dialog med nabokommunane i Ålesundsregionen og regionale aktørar for å finne gode løysningar på felles utfordringar som f.eks. planlegging og forvaltning av felles sjøareal, kollektivløysingar og anna infrastruktur. Dialog med andre mynde kan ein ivareta gjennom interkommunalt og regionalt samarbeid og regionalt planforum.

Medverknad

Planarbeidet har to høyringsperiodar; den første er høyring av planprogrammet hausten 2023 og den andre er høyring om forslag til arealdel vinter/vår 2025.

Medverknadsråda; brukarutval, eldreråd, livsløpsutval, råd for menneske med funksjonsnedsetting, ungdomsråd og teknisk utval blir involvert gjennom behandling av sak om planprogram og planforslag før saka går til formannskapet og kommunestyret.

Utover dette vil kommunen gjennomføre medverknadsaktivitetar som engasjerer flest mogeleg, og ønskjer særskilt auka deltaking frå born og unge og det fleirkulturelle miljøet, utbyggjarar, næringsliv, innbyggjarar samt lag og foreiningar. Kommunen vil vurdere korleis dette vil skje gjennom eigne møter og aktivitetar.

Kommunikasjon

God og tydeleg kommunikasjon legg eit godt grunnlag for dialog og medverknad. Kommunen vil forløpande legge ut informasjon om kommuneplanprosessen og moglegheiter for medverknad på kommunen sine internettsider. Det er sett ned ei eiga arbeidsgruppe samansett av politikk og administrasjon. Denne gruppa skal følgje opp arbeidet med planen. Planutvalet vil vere aktivt med i prosessen, der informasjon om status i planarbeidet blir lagt fram og vidare aktivt bruk av arbeidsmøter i høve ulike tema.

Vedlegg



Næring og
arealkrevande handel.